

Nye retningslinjer for kommunalt driftstilskot



Målsetjing:

Tilskotet skal stimulera til frivillig aktivitet som fremjar fellesskap, folkehelse og meistring med særleg vekt på barn og unge.

Endringar:

- ▼ **Driftstilskot → Aktivitetstilskot**
- ▼ - stiller krav om aktivitet
- ▼ - prioriterer aldersgruppa 0-24 år (vekting av aldersgrupper)
- ▼ - likestiller medlemsbaserte og ikkje-medlemsbaserte aktivitetar
- ▼ - tilskotet er to-delt; likt grunntilskot i kvar gruppe og resterande etter medlems-/deltakartal
- ▼ - tek ikkje omsyn til økonomien i organisasjonen

Vilkår frå og med 2026:

- ▼ Organisasjonen må
 - vera registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund
 - vera open for alle
 - ha eit demokratisk valt styre og gjennomføra årsmøte
- ▼ - ha minst 10 medlemmer/faste deltakarar (kan avvikast i særlege tilfelle)
- ▼ - oppfylla kravet om faste aktivitetar gjennom året

Tilskotsgrupper:

- ▼ Barne- og ungdomsarbeid
- ▼ Idrett inkl. skyting
- ▼ Musikk
- ▼ Andre – NY frå 2026
(Faste aktivitetar innafor mangfald, inkludering, fysisk aktivitet, folkehelse og andre ueigennyttige tilbod og tiltak)



Barne- og ungdomsarbeid

- ▼ Laget må ha minst 10 aktivitetar i året for aldersgruppa 0-24 år
- ▼ Tilskotet er to-delt. Tilskotspotten blir fordelt med
 - ▼ 50 % i eit likt grunnbeløp til kvart lag
 - ▼ 50 % etter talet registrerte medlemmer/deltakarar per 31.12/året før (Som medlemmer/deltakarar reknast deltakarane i aldersgruppa 0-24 år og vaksenleiarane som er fast med på å driva aktiviteten)

Idrett inkl. skyting (medlemmer i NIF og DFS)

- ▼ Laget må ha minst 20 treningar/konkurransar/aktivitetar i året for aldersgruppa 0-24 år
- ▼ Tilskotet er to-delt. Tilskotspotten blir fordelt med
 - ▼ 50 % i eit likt grunnbeløp til kvart lag
 - ▼ 50 % etter talet registrerte medlemmer/deltakarar per 31.12.
 - medlemmer under 24 år blir vekta med 70 %
 - medlemmer over 24 år blir vekta med 30 %
- ✓ Midlar til drift av Idrettsrådet kan trekkast av tilskottspotten før fordeling, maks 10 %

Musikk (medlemmer i landsdekkande musikkorganisasjonar)

- ▼ Korpset/koret må ha minst 20 øvingar/aktivitetar i året
- ▼ Tilskotet er to-delt. Tilskotspotten blir fordelt med
 - ▼ 50 % i eit likt grunnbeløp til kvart lag
 - grunnbeløpet til korps skal vera det doble av grunnbeløpet til kor
 - ▼ 50 % etter talet registrerte medlemmer/deltakarar per 31.12/året før
 - medlemmer under 24 år blir vekta med 70 %
 - medlemmer over 24 år blir vekta med 30 %

(For barne- og ungdomskorps og -kor reknar ein utøvarane i aldersgruppa 0-24 år og vaksenleiarane som er fast med på å driva koret/korpset)
- ✓ Midlar til drift av Musikkrådet inkludert avsetjing til musikkfondet kan trekkast av tilskottspotten før fordeling, maks 10 %
- ✓ Organisasjonen må møte på årsmøtet i Musikkrådet, eventuelt ved fullmakt

NY - Andre *(retningslinjene er ikkje endelege)*

- ▼ Organisasjonar som har fast aktivitet innfor følgjande område:
 - ▼ Aktivitet som fremjar mangfald og inkludering, min. 10 gonger i året
 - ▼ Aktivitet som fremjar fysisk aktivitet og folkehelse, min. 10 gonger i året.
 - ▼ Aktivitet som legg til rette for friluftsliv, tek vare på kulturarv eller andre ueigennyttige tiltak for fellesskapen

Tilskotpotten blir fordelt etter skjønn ut frå målgruppa som aktiviteten rettar seg mot, type aktivitet, tal deltakarar og andre relevante faktorar

Overgangsreglar 15. oktober 2025

- ▼ Tilskotspotten innafor gruppene BU-arbeid, Idrett inkl. skyting og Musikk blir fordelt med
 - ▼ 50 % i eit likt grunnbeløp til kvart lag
 - ▼ 50 % etter talet medlemmer/deltakarar per 31.12/året før

Trer i kraft ved søknadsfristen 15. april 2026:

- ▼ Krav om
 - minst 10 medlemmer/faste deltakarar
 - minst 10 eller 20 aktivitetar i året
 - organisasjonsnummer i Frivilligregisteret
- ▼ Den nye tilskotsgruppa «Andre»